

Inge Herman Rydland
Knapstadvegen 18
1823 Knapstad
41279370
rydlandmail@gmail.com

13. mars 2021

Til

Alver kommune

Kvernhusmyrane 25
5914 Isdalstø

Saka gjeld: 21/345 – 21/15952 – søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF

Løa på Rydland 173/3 er i svært dårleg forfatning, og kan i dag ikkje brukast til nokon ting. Taket lek og veggjar må stabiliserast. Det er naudsynt med strukturelle grep for å gjere henne tenleg til noko nyttig. Nokre slike måtte gjerast med veggen mot aust alt i 2017.

Løa vart bygd for gardsdrift med husdyr. I dag er det historie. All dyrka mark vert slått av bønder i bygda, som brukar det for eige husdyrhald. Drifta på garden er no og vil i dei næraste åra vera konsentrert til forvaltning av dyrka mark (noko grøfting), utmark og skog.

Saman med andre bønder i bygda har me sett i gong eit større prosjekt for å ta ut hogstmogen skog, samt å planta nytt for neste generasjon. Ein skogsveg er lagt ut i hogstfeltet. God hjelp i frå kommunen i planlegging og som kontakthavar med andre myndigheiter, gjorde dette til eit vellukka prosjekt.

Eg ynskjer å bruke løa til ta vare på maskiner og anna utstyr som eg no nyttar på garden og i skogen, men også for å sikre god forvaring av den reiskapen som vart nytta på garden før. Det som trengs for produksjon av ved og lager vil eg ha i den reparerte løa. Anna lagring kan også vera aktuelt.

Den reparerte løa vil ha eksakt same bruksareal som ho har i dag. Avstand til fylkesveg, nabogrense og bustadhus vert uendra. Den einaste endringa er att taket vert lyfta 1,5 meter for å gje betre utnytting av rom utved veggen, og gje plass til oppløft som vil gje meir lys inn i løa. Nabovarsel er sendt ut i tråd med råd i frå kommunen.

Dette prosjektet vil bidra til å ta vare på ein bygnad som har tent garden og utstyr på den, i meir enn 150 år. Samla sett er det difor mi vurdering att arealføremålet LNF ikkje vert sett til side ved dette prosjektet. Snarare tvert i mot: Dette prosjektet vil halda LNF i hevd. Eg kan difor ikkje så att prosjektet kan føra med seg nokon form av ulempe for garden og LNF.

Eg ser difor fram til ei positiv avgjerd.

Mvh


Inge Herman Rydland

Eigar Rydland 173/3